

## Rundskriv R

Alle departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-4/2020

Vår ref  
20/2514

Dato  
04.05.2020

### **HOVUBUDSJETTSKRIV FOR 2021**

#### **Retningslinjer for arbeidet med statsbudsjettforslaget for budsjettåret 2021**

Finansdepartementet gir i dette skrivet retningslinjer for arbeidet med budsjettforslaget og tilhøyrande budsjettdokument.

---

	Side
1 Budsjettkalenderen for 2021-budsjettet	2
2 Rammebudsjettering	2
3 Fastsettjing av rammene	3
4 Rammefordelingsforslaget frå departementa	5
5 Budsjetteringsprinsipp	8
6 Gul bok 2021	10
7 Fagproposisjonane 2021	12
8 Budsjettforslag som har verknad for kommunar og fylkeskommunar	18
9 Overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2020	19
10 Retningslinjer for offentleg informasjon om budsjetsaker	19

---

## **1 BUDSJETTKALENDEREN FOR 2021-BUDSJETTET**

Det er fastsett følgjande kalender for budsjettarbeidet:

20. juli	Frist for innsending av rammefordelingsforslaget
27. juli	Frist for rapportering av overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2020
26.–27. august	Regjeringskonferanse om 2021-budsjettet
9. september	Utkast til fagproposisjon skal sendast Finansdepartementet
9. september	Utkast til departementsomtale til Gul bok skal sendast Finansdepartementet
18. september	Fagproposisjonane i statsråd
25. september	Gul bok i statsråd
7. oktober	Budsjettet vert lagt fram

## **2 RAMMEBUDSJETTERING**

Som i dei føregåande åra, skal arbeidet med statsbudsjettet for 2021 vere i tråd med prinsippa for rammebudsjettering.

### **2.1 Hovudprinsippa for rammebudsjettering**

Rammebudsjettering skal gi eit formålstenleg grunnlag for politisk prioritering og bidra til effektiv ressursbruk. Når regjeringa har fastlagt utgifts- og inntektsrammene per departement og definert dei politiske hovudprioriteringane for budsjettet, skal departementa fordele utgiftene og inntektene på kapittel og post. Rammetala er fastsette per departement, som i utgangspunktet fritt kan fordele dei fastsette budsjetttramme til dei ulike formåla innanfor departementsområdet. Dersom regjeringa har vedteke innstrammingar, kan desse som hovudregel verte erstatta av alternative, reelle innstrammingstiltak.

Rammene som er fastsette i mars er endelege, med unntak for eventuelle tildelingar frå avsetjinga til politiske profileringar. Departementa har som hovudregel ikkje høve til å fremje nye forslag utanom den vedtekne ramma.

Ein føresetnad for ein vellukka rammestyrt budsjettprosess er at departementa prioriterer innanfor budsjetttramme sine i tråd med dei overordna prioriteringane til regjeringa. I stor grad må prioriteringane i budsjettet skje gjennom omprioriteringar innanfor budsjetttramme til departementa. Det er det einskilde departement sitt ansvar å sjå til at slike omprioriteringar og tiltak for effektivisering av ressursbruken vert gjennomførte.

Det gjeld visse avgrensingar i høvet til å fordele budsjetttramme:

- Departementa si rammefordeling skal primært byggje opp under dei satsingsområda regjeringa har vedteke i budsjettarbeidet. Store og politisk viktige endringar som departementa gjer innanfor eigne budsjettrammer, skal leggjast fram for regjeringa. Dette inneber mellom anna at departementa sine forslag til satsingar som del av interne prioriteringar ikkje kan innarbeidast endeleg i budsjetta før motsvarande inndekning er endeleg godkjent av regjeringa. Dette gjeld større og meir prinsipielle saker kor ei politisk avklaring er naudsynt.

- Budsjettet skal vere realistisk, jf. § 3 i løyvingsreglementet. Omdiisponering frå regelstyrte og lovbundne løyvingar må vere reelle og gjelde realistiske regelendringar. Vi minner òg om at løyvingar med stikkordet "kan overførast" må budsjetterast realistisk. Det skal ikkje førast opp høgare beløp enn det ein meiner faktisk vil verte utbetalt i budsjettåret.
- Store investeringsprosjekt med samla kostnadsramme over 300 mill. kroner for digitaliseringsprosjekter og over 1 mrd. kroner for øvrige prosjekter skal gjennomgå ekstern kvalitetssikring (KS2) før kostnadsoverslag og styringsramme vert fremja for Stortinget. Krav om ekstern kvalitetssikring er fastsatt i rundskriv R-108 Statens prosjektmodell – Krav til utredning, planlegging og kvalitetssikring av store investeringsprosjekter i staten. For at eit prosjekt skal vurderast av regjeringa og eventuelt kunne fremjast for Stortinget i Prop. 1 S for 2021, må ferdig KS2-rapport ligge føre seinast 20 juli 2020. Dette gjeld uavhengig av om kvalitetssikringa vert gjennomført ved bruk av Finansdepartementet si rammeavtale eller om verksemda sjølv er ansvarlig for slik kvalitetsikring. Finansdepartementet ber om at departementa i rammefordelingsforslaget opplyser om kva for prosjekt som departementa planlegg å fremje i budsjettforslaget for 2021.
- Øyremerkte tilskot til kommunesektoren (60-postane) inngår i regjeringa sitt samla økonomiske opplegg for kommunesektoren. Det er derfor som hovudregel ikkje tillate å omprioritere frå 60-postar. Departementa har likevel høve til å ta opp med Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet spørsmål om å flytte beløp mellom 60-postar og andre postgrupper. Departementa kan òg ta opp spørsmål om å flytte midlar mellom rammetilskotet og øyremerkte tilskot ved eventuelle funksjonsendringar med Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I begge tilfelle må departementa ta opp forslag om omprioriteringar med Kommunal- og moderniseringsdepartementet før det vert fremja for Finansdepartementet.
- Departementa må aktivt følgje opp regjeringa sine innsparingstiltak. Innsparingstiltak skal alltid innarbeidast med netto reduksjon. Dersom det er naudsynt med auka administrative ressursar for å gjennomføre reduksjon under ei tilskotsordning, må reduksjonen òg kunne dekkje dei administrative meirutgiftene.

Departementa sin fridom ved fordelinga av budsjetttrammene er nært knytt saman med ansvaret for at budsjetttrammene vert haldne gjennom budsjettåret. Fridom ved fordelinga av budsjetttramma inneber òg at det må leggjast stor vekt på arbeidet med resultatoppfølging og resultatrapportering.

### 3 FASTSETJING AV RAMMENE

#### 3.1 Budsjettkonferansen i mars 2020

Regjeringa fastsette på budsjettkonferansen i mars 2020 utgifts- og inntektsrammer for departementa.

Innanfor den totale utgiftsramma vart det òg avsett ein pott til politiske profileringar. Denne avsetjinga vil verte fordelt på budsjettkonferansen i august.

Departementa får tilsendt regjeringa sine konklusjonar om utgifts- og inntektsrammene og andre budsjettføresetnader i eigne rammebrev. Rammene i rammebreva er i 2021-prisar. Departementa skal leggje desse rammene til grunn for det vidare budsjettarbeidet. Verknader av lønsoppgeret for statstilsette mv. i 2020 vil verte innarbeidd seinare.

### **3.2 Budsjettkonferansen i august**

Rammene som er fastsette av regjeringa på budsjettkonferansen i mars, er endelige. Utover verknader av lønsoppgjeret for statstilsette mv. i 2020, er det einaste som kan kome i tillegg

- eventuelle tildelingar frå avsetjinga til politiske profileringar
- eventuelle rammeoverføringer mellom departementa
- eventuelle justeringsforslag.

På budsjettkonferansen i mars vart fleire satsingsforslag ført til profilbehandling. I tråd med dei overordna prioriteringane til regjeringa kan ikkje departementa byte ut satsingsforsлага som er vedtatt ført til profilbehandling med andre satsingsforslag. Departementa skal i sine innspel til budsjettkonferansen i august gi ei kortfatta framstilling av profiltørste forslag på sitt område. Det skal òg vere gjort greie for eventuelle endringar i føresetnader. I tilfelle der det er ført fleire satsingsforslag til profilbehandling under eitt departement, skal det vere gjort greie for departementet si rangering av desse.

Vi minner om at ansvarleg fagdepartement skal legge fram ein oppdatert overordna gevinstrealiseringssplan til augustkonferansen for alle relevante satsingsforslag som vart ført til profilbehandling, jf. rundskriv R-9/2019, punkt 3 og punkt 4. Ein overordna gevinstrealiseringssplan vil, i hovudsak, vere relevant å utarbeide for forslag som resulterer i netto-budsjettgevinstar for offentleg sektor, samt for forslag der realisering av gevinstar krev ei målretta oppfølging. Den oppdaterte planen skal ta utgangspunkt i malen for overordna gevinstrealiseringssplanar som følgde som vedlegg 3 til rundskriv R-9/2019, og som er tilgjengeleg på nettsida <https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/fin/rundskriv/id446186>.

Nedanfor vert det gjort greie for kva forslag til justeringar av rammene som departementa kan foreslå til budsjettkonferansen i august. Ved forslag om justering av utgifts- og inntektsrammene må departementa i tillegg vurdere budsjettverknaden for dei tre første åra utover budsjetteringsåret (2022–2024). Anslaga for 2022–2024 må gi eit godt overordna bilet av utviklinga i utgifter og inntekter i åra framover. I lys av uvissa i anslag fram i tid, bør dei forventa endringane av utgifter og inntekter i hovudsak vere større enn 100 mill. kroner for at desse skal takast med i anslaga.

#### *Endringar i anslag for regelstyrte overslagsløyvingar*

I konsekvensjusteringa er den sannsynlege utgiftsutviklinga i dei regelstyrte løyvingane vurdert. Dersom det er grunnlag for å revurdere prognosane som ligg til grunn for rammene som vart fastsette på budsjettkonferansen i mars, slik at det ut frå kravet om realistisk budsjettering er naudsynt å endre oversлага for 2021, skal departementet fremje forslag om ei slik endring.

Dersom justerte anslag visar at det under ei regelstyrd løyving er eit mindre behov enn lagt til grunn i ramma, kan vedkomande departement ikkje omprioritere det overskytande til andre formål. Innsparinga må innarbeidast i rammefordelingsforslaget som reduksjon i ramma.

#### *Endringar i føresetnader om valutakurs*

For løyvingar til tilskot til utanlandske organisasjonar o.l. som vert betalte i framand valuta, skal budsjettforslaget for 2021 vere basert på kursen for vedkomande valuta per 1. juni 2020.

I dei tilfella der ein kan vise at kursen 1. juni 2020 skil seg vesentleg frå det som låg til grunn for det konsekvensjusterte budsjettet, kan departementa foreslå ein reduksjon eller eit påslag tilsvarende desse endringane i rammefordelingsforslaget.

### *Inntekter og utgifter under ordningar med meirinntektsfullmakt*

Meirinntektsfullmakter gir høve til å overskride utgiftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekt. Sjølv om det er etablert ordningar med meirinntektsfullmakt, skal dei utgifts- og inntektspostane som høyrer saman verte realistisk budsjetterte. Statsrekneskapen syner dei seinare åra vesentleg høgare inntekter enn i nysaldert budsjett. Det gjeld i stor grad postar som det er knytte meirinntektsfullmakter til. Det inneber at departementa i rammedisponeringsforslaget for 2021 framleis må leggja stor vekt på rekneskapstala for å fastsetje nivået på utgiftspostane og inntektspostane. Departementa må difor vurdere slike utgifts- og inntektspostar, og eventuelt foreslå parallelle justeringar av inntektene og utgiftene.

For 2021-budsjettet skal det av dei einskilde forslaga til Stortinget om meirinntektsfullmakter (romartalsfullmakt) gå fram at meirinntekter og mindreinntekter skal inngå i utrekninga av overføring av unytta løyving til neste budsjettermin.

### *Forslag til funksjonsendringar mellom departement*

Når det er semje mellom to departement om overføring av eit bestemt funksjonsområde, skal departementa omtale dette forholdet og justere budsjetttrammene i rammefordelingsforslaget. Dette kan til dømes gjelde overføring av løyving og endringar som ledd i omstillingstiltak i staten.

### *Eventuelle forslag om alternative innsparingstiltak*

I rammebrevet til kvart einskild departement er det gjort kjent korleis regjeringa sine innsparingsvedtak skal gjennomførast. Departementa kan fremje alternative forslag til reelle innsparingar.

## **4 RAMMEFORDELINGSFORSLAGET FRÅ DEPARTEMENTA**

### **4.1 Generelle krav til framstillinga**

Forslaget til rammefordeling skal vere kortfatta og poengtert slik at hovudprioriteringane kjem klart fram. Departementa bør leggje opp arbeidet med rammefordelingsforslaget slik at det går inn som ein del av det generelle arbeidet med fagproposisjonen. Ein skal leggje hovudvekta på å gjere greie for og grunngi større reelle endringar samanlikna med Saldert budsjett 2020.

Departementa må

- få klart fram korleis rammefordelinga samsvarer med dei sentrale politiske satsingsområda
- gi ei vurdering av dei regelstyrte løyvingane
- vurdere budsjettverknaden for dei tre første åra utover budsjetteringsåret (2022–2024), målt både som endring frå marsramma og som nytt nivå. Anslaga må gi eit godt overordna bilet av utviklinga i utgifter og inntekter i åra framover. I lys av uvissa i anslag fram i tid, bør dei forventa endringane av utgifter og inntekter i hovudsak vere større enn 100 mill. kroner for at desse skal takast med i anslaga. Anslaga dannar grunnlag for omtala av fleirårige budsjettkonsekvensar i Gul bok 2021.
- vurdere følgjande moment for nye tiltak som er teke med innanfor budsjetttramma:
  - tiltaket sitt formål og varigheit
  - behovet for tiltaket og forventa resultat
  - dei positive og negative verknadene av tiltaket og kven tiltaket gjeld
  - om tiltaket er utgreidd i tråd med føresegne i utredningsinstruksa

Finansdepartementet vil særleg vurdere

- den samfunnsøkonomiske lønsemda av nye tiltak som er teke med innanfor budsjett-ramma, og om slike forslag fører til auka løyvingar etter 2021
- om løyvingar som gjeld regelstyrte ordningar, er budsjetterte realistisk
- den allmenne realismen i budsjetteringa

Dersom rammefordelingsforslaget avvik frå dei rammene som vart fastsette på budsjett-konferansen i mars, må departementet gjere særskild greie for dei forholda som ligg til grunn for dette, bl.a. om det gjeld nye anslag på regelstyrte ordningar eller andre forhold, jf. punkt 3.2 ovanfor. Det må komma tydelig fram kva som er årsaka til endringane, til dømes om det gjeld endra kostnadar per eining eller talet på einingar. Det skal òg leggast fram ein oversikt over kva for budsjettpostar endringane gjeld og om det er fleire høve som påverkar same budsjettpost.

For omprioriteringar innanfor budsjetttramma må det særleg gjerast greie for både kor utgiftene er sett opp til nye prioriteringar og korleis dei er finansierte innanfor samla ramme. Dersom same budsjettpost vert påverka av ulike endringar, må det i tillegg til netto verknad på posten, gjerast greie for kvar endringsfaktor for seg, til dømes kva som gjeld nye anslag, omprioriteringar, tekniske endringar, flyttingar mellom departement o.a.

Innanfor dei fastsette rammene utarbeider kvart departement sitt rammefordelingsforslag som skal leverast til Finansdepartementet innan 20. juli 2020. I tillegg skal teksten leverast via Budkom eller på anna elektronisk medium. Teksten må vere lagra i Microsoft Word-format. Fila kan kallast RFF21fag.docx, der "fag" vert erstatta med forkortinga for det aktuelle departementet.

#### **4.2 Oversiktstabellar**

Vi ber om at følgjande tabellar vert tekne med i innleiinga til rammefordelingsforslaget (i 1 000 kroner):

A. Departementet sine utgifter fordelt på programområde og programkategoriar med fire kolonnar med

- 1) rekneskap for 2019
- 2) saldert budsjett for 2020
- 3) budsjettet si stilling for 2020 etter første halvår
- 4) departementet sitt forslag for 2021

B. Departementet sine inntekter fordelt på programområde og programkategoriar med fire kolonnar med

- 1) rekneskap for 2019
- 2) saldert budsjett for 2020
- 3) budsjettet si stilling for 2020 etter første halvår
- 4) departementet sitt forslag for 2021

Som separat vedlegg skal det òg sendast inn spesifikasjon av summane for 2021 fordelt på kapittel og post. Ved rapportering av driftsutgifter, må post 1 fordelast mellom to tekniske underpostar (1 Løn og godtgjersler og 2 Varer og tenester). For kapittel under Statens forretningsdrift (kap. 2440-2490) må underpostar under post 24 førast opp.

Dette materialet må leverast på papirutskrift med fullstendig kapittel- og postnemning og

stikkord, slik som i utkast til vedtak.

#### **4.3 Fordeling på kapittel og post – bruk av elektroniske løysingar**

Data skal leverast elektronisk via Budkom eller på anna elektronisk medium.

Fila skal genererast via Budkom. Fila heiter "Rammefordelingsforslag" (RAMM) og ser ut som følgjer:

År	Depnr	Omrnr	Katnr	Kap	Post	Upost	Endring	Status
2021	01	02	00	0100	01	1	#####	#####
2021	01	02	00	0100	01	2	#####	#####
2021	09	17	20	2460	24	1	#####	#####
2021	09	17	20	2460	24	2	#####	#####

Data må vere lagra som rein tekst (txt). Kvart felt skal vere skilt av med ein tabulator. Alle felta må fyllast. Alt dette skjer automatisk når ein kører rapporten i Budkom.

Departementa må spesifisere lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester på underpostar i regjeringa sitt interne budsjettarbeid. Driftsutgifter under post 01 er fordelt på underpost 1 Løn og godtgjersler og underpost 2 Varer og tenester. Når løyvingsframlegga vert fremja for Stortinget, er dei slått saman til ein felles driftspost. Alle 24-poster spesifiserast på underpost. Ingen andre postar skal splittast opp på underpost.

Spørsmål kan rettast til Elise Solberg (tlf. 22 24 43 07).

#### **4.4 Romartalsvedtak**

Romartalsvedtak er vedtak som Stortinget gjer i samband med budsjettet utanom løyvingane på kapittel og post. Slike vedtak kan til dømes gjelde fullmakter til å stifte forpliktingar for framtidige budsjettår eller til å overskride utgiftsløyvingar på grunn av meirinntekt.

Forslag som krev romartalsvedtak må departementa ta opp med Finansdepartementet. Forslag om slike vedtak vert tekne med både i Gul bok og i fagproposisjonane.

Departementa skal sende forslag til romartalsvedtak for 2021 til Finansdepartementet som vedlegg til rammefordelingsforslaget med frist 20. juli 2020.

Forsлага til romartalsvedtak skal utformast etter den same malen som er nytta dei siste åra. I Gul bok 2002, kap. 6.1, vart det gjort greie for kva for prinsipp som er lagt til grunn for utforminga av romartalsvedtaka.

Departementa kan også ha romartalsvedtak frå tidlegare år som gjeld utan tidsavgrensing eller i alle fall utover eitt budsjettår. For å få eit betre oversyn over alle gjeldande vedtak, ber vi om at departementa gjev ein oppstilling over slike vedtak i et eige vedlegg til fagproposisjonane. Vidare ber vi om at denne oppstillinga vert sendt Finansdepartementet saman med framlegget til rammefordeling.

#### **4.5 Eventuelle endringar i forhold til rammefordelingsforslaget**

Alle beløp på kapittel og post for 2021 vert lagde inn i databasen i Finansdepartementet slik dei er førde opp i forslaget til rammefordeling. Etter budsjettkonferansen i august skal departementa snarast mogeleg stadfeste endringane frå rammefordelingsforslaget på særskilde

ark med dette mønsteret:

Kap	Post	Underpost	Nemning	Endring	Statusbeløp
-----	------	-----------	---------	---------	-------------

Alle endringar i nemning på kapittel og postar må sendast inn på særskild ark med dette mønsteret:

Kap	Post	Nemning (berre den nye nemninga)	Programkode
-----	------	----------------------------------	-------------

Finansdepartementet vil sende ut eit eige rundskriv om desse stadfestingane i august.

#### **4.6 Sektorovergripande klima- og miljøpolitikk**

I samanheng med rammefordelingsforslaget må kvart departement utarbeide ei forklaring av klima- og miljøprofilen i forslaga sine og sende denne til Klima- og miljødepartementet, jf. omtale i pkt. 7.2.3.

### **5 BUDSJETTERINGSPRINSIPP**

#### **5.1 Generelt**

Budsjettforslaget skal baserast på gjeldande vedtak og prinsipp for statleg budsjettering. Sjå utførleg framstilling i del II i "Veileder i statlig budsjettarbeid". Rettleiaren er å finne på Finansdepartementet si heimeside på regjeringa.no. Spesielt vil vi vise til pkt. 2.2.2.3 om prinsippet om fullstendig budsjettering og kravet om realistisk budsjettering av både utgifter og inntekter, samt pkt. 2.2.2.5 om bruttoprinsippet.

Vidare viser vi til rundskriv R-101 *Statens kontoplan for statsbudsjettet og statsregnskapet*. Rundskrivet er å finne på Finansdepartementet si heimeside på regjeringa.no.

Dersom ein ønskjer å knyte stikkorda "*overslagsløyving*", "*kan overførast*" eller "*kan nyttast under*" til nye postar eller til postar som tidlegare ikkje har hatt stikkord, må ein grunngje forslaget. Dette gjeld likevel ikkje når stikkordet "*kan overførast*" skal knytast til investeringspostane 30-49. Stikkord kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye postar.

#### **5.2 Pris- og lønsnivå**

Lønsbeløpa i budsjettforslaget skal innarbeidast på grunnlag av dei regulativsatsar og vedtak som gjeld etter 1. mai 2020. Det same gjeld for dei tilskotspostane det er avtalt med Finansdepartementet at skal følgje same budsjetteringsprinsipp som lønspostane til staten. Særskild melding om eventuelle påslag på rammene vil verte gitt når konsekvensane av lønsreguleringa er klar.

Forvaltningsbedriftene vil, som i tidlegare år, ikkje verte kompenserte for verknadene av lønsoppgjera. Det må derfor settast av midlar til å dekkje lønsoppgjera for 2020 og 2021 innanfor post 24 Driftsresultat. Nettobudsjetterte forvaltningsorgan med særskilde fullmakter er allereie kompenserte for forventa løn, og vert ikkje ytterlegare kompenserte for verknadene av lønsoppgjera etter at det endelege utfallet av lønsoppgjera er kjent.

Beløpa i rammefordelingsforslaget og Prop. 1 S skal vere basert på det pris- og lønsnivå som er forventa i 2021.

### **5.3 Særleg om lønspostane**

Budsjettering under lønspostane er omtalt i rundskriv R-101 frå Finansdepartementet, pkt. 4.3.1.

Statlege verksemder skal i 2021 nytte den satsen for arbeidsgivaravgift som gjeld i den avgiftssona verksemda er lokalisert, jf. rundskriv R-103.

Frå 2017 vart det innført ei forenkla pensjonspremieordning, som innebar betaling av 12 pst. arbeidsgivartilskot til SPK. Frå 2019 er dei fleste statlege verksemder inkludert i denne ordninga, eller innbetaler pensjonspremie til SPK iht. tidlegare etablert praksis. Alle verksemder som betaler pensjonspremie skal budsjettere med arbeidsgivartilskot og 2 pst. i medlemspremie. Sjå òg rundskriv R-118 om budsjettering og rekneskapsføring av pensjonspremie for statlege verksemder.

Det skal ikkje budsjetterast med utgifter til vikar under fødselspermisjon og sjukdom.

### **5.4 Særleg om statens forretningsdrift – renteutgifter, avskrivingar o.a.**

#### *Renter*

For statens forretningsdrift skal det førast opp renter av staten sin kapital i bedriftene. Rentene skal førast opp i samsvar med prinsippa i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 7 (1993–1994). For kapitalinnskot frå 2016, 2017, 2018, 2019 og 2020 (inkl. eldre kapitalinnskot konverterte i desse åra) er rentesatsen etter tur 1,15; 0,81; 1,07; 1,32 og 1,36 pst., jamfør rundskriv R-1/2020 *Statsbudsjett og statsregnskap 2020 – Rentesats for mellomværende med statskassen og statens kapital i statens forvaltningsbedrifter*. Den rentesatsen som skal nyttast på nye kapitalinnskot i 2021 og på eldre kapitalinnskot som vert konverterte i 2021, vil verte fastsett av Finansdepartementet i oktober/november 2020 på grunnlag av gjennomsnittleg rente på 5-års obligasjonslån i 12-månadersperioden 1. oktober 2019 – 30. september 2020. I budsjettforslaget for 2021 kan ein nytta satsen for 2020.

Det skal òg førast renter på forvaltningsbedriftene si mellomrekning med statskassa. Renta er her knytt til renta på kortsiktige kontolån til statskassa. Desse renteinntektene skal likevel ikkje budsjetterast. Dei vil derfor berre komme fram i rekneskapen.

#### *Avskrivingar*

Den investerte kapitalen skal avskrivast i samsvar med dei retningslinjene som er fastsette for kvar forvaltningsbedrift på grunnlag av Stortinget sitt generelle vedtak om avskrivingar 14. juni 1990 på grunnlag av St.prp. nr. 87 (1989–1990), jf. Innst. S. nr. 243 (1989–1990).

### **5.5 Særleg om forvaltingseiningane for statlege utlån**

For å få til eit samordna system for løyvingar og rekneskap i statsbudsjettet/statsrekneskapen for Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og bustadlånsordninga under Statens pensjonskasse, skal desse hovudprinsippa leggjast til grunn, jf. Prop. 1 S (2009–2010) kapittel 9.4:

- Alle renteinntekter skal budsjetterast og overførast systematisk ut frå opptente renter basert på kalenderåret. Under kvar post i fagpropositionane skal det gjerast greie for kva som vil gå til dekning av manglande avdrag og opptente renter i budsjettåret. Alle kostnader og andre inntekter enn renter skal handsamast etter kontantprinsippet.
- Kvar forvaltingseining skal ha eigne 70-postar for å dekkje tap/kostnader som oppstår ved manglande tilbakebetaling av statlege utlån. Under kvar post skal det gjerast greie for kva som vil gå til dekning av manglande avdrag og opptente renter i budsjettåret.

Som grunnlag for makroøkonomiske utrekningar i Finansdepartementet, ber vi i tillegg om å få følgjande opplysningar for Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse for åra 2021–2024:

- samla uteståande fordingar for renteberande lån, ikkje renteberande lån, og opptent, men ikkje betalt rentegjeld per 1/1 2021, per 1/1 2022, per 1/1 2023, per 1/1 2024 og per 1/1 2025
- opptente renteinntekter for forvaltingseiningane dei enkelte åra
- låneporteføljen fordelt mellom fast og flytande rente, og fordelt på resterande løpetid

Finansdepartementet vil sende eige brev til dei aktuelle departementa med retningslinjer for kva renteføresetnader som skal ligge til grunn for anslaga for 2021 og med eventuelle presiseringar av føresetnader om gjennomføring av budsjettopplegget innan 1. juli 2020.

## 6 GUL BOK 2021

### 6.1 Utforming av departementsomtalen i Gul bok

Departementsomtalen i Gul bok skal ha to hovuddelar: Ein innleiande tabell med oversikt over løyvingsforsлага og ein tekstleg omtale av hovudtrekk og prioriteringane i budsjettet under kvart departement.

Kwart departement skal utarbeide ein omtale for områda sine og sende dette til Finansdepartementet innan 9. september.

#### *Oversiktstabell*

Tabellen skal gi ei oversikt over budsjettforslaget på programkategorinivå, med kolonnar for det salderte budsjettet for inneverande år (Saldert budsjett 2020), løyvinga for komande år (Prop. 1 S for 2021) og prosentvis endring frå inneverande til komande år. Sum skal vere i millionar kroner.

Departement som har fleire programområde, skal summere kvart programområde for seg, og dei samla løyvingane på områda til departementet skal summerast til slutt. Departement som har 90-postar (lånetransaksjonar), skal skilje desse ut under kvart programområde.

Dersom det er gjort tekniske omleggingar eller liknande som fører til store endringar i løyvingane under eit departement, bør dette omtalast kort i fotnotar under tabellen.

#### *Tekstleg omtale*

Departementsomtalen skal ha to hovuddelar.

- Den fyrste delen skal syne dei viktigaste prioriteringane i 2021-budsjettet. Denne delen skal bestå i ei strekliste med kort omtale av tre til fem hovudprioriteringar. Større innsparingsforslag er å rekne som prioriteringar, og bør derfor inngå i streklista.
- Andre del utgjer hovuddelen av departementsomtalen. I omtalen skal det leggjast vekt på kva ein ønskjer å oppnå med løyvingsforsлага under dei største ansvarsområda til departementet, og berre unntaksvise framstille tal i tabellen. Viktige utviklingstrekk over tid kan takast med. Omtalen må vere konsentrert, jf. krava til lengde nedanfor.

For å sikre ei mest mogeleg einsarta framstilling av departementa, er det viktig at denne malen vert følgd. Teksten skal vere klart, godt og enklast mogeleg skrive.

### *Lengda på departementsomtalen*

Finansdepartementet legg følgjande til grunn som øvre grense for lengda på omtalen, eksklusive tabellen, under kvart enkelt departement:

- Arbeids- og sosialdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet: 1½ side
- Dei andre departementa: ¾ side

### *Tekniske krav til utforminga av departementsomtalen*

Malane og stilane som skal nyttast ved utforminga av fagproposisjonane, skal òg nyttast ved utforminga av departementsomtalen i Gul bok.

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon (DSS) vil gi naudsynt brukarstøtte dersom departementa har behov for teknisk assistanse i samband med utarbeidninga av departementa sine bidrag til Gul bok.

Utkasta må leverast både på papirutskrift og via Budkom/Dockom eller på anna elektronisk medium. Teksten må vere lagra i Microsoft Word-format. Tabellane må stillast opp slik det er omtalt i brukardokumentasjonen.

## **6.2 Forslag til vedtak**

Finansdepartementet vil sende utskrift av dataregisteret for 2021 til alle departementa etter budsjettkonferansen i august. Denne utskrifta må kvart departement kontrollere innan den fristen som vert sett. Det er fagdepartementet som har ansvar for å kontrollere at utskrifta stemmer med den fordelinga som er godkjend på kapittel og post. Systematikken, nemningane og stikkorda må vere korrekte, slik at utskrifta kan nyttast som manuskript til "Forslag til vedtak" i Gul bok.

Systematikken er som i fjar:

1. Kapitla skal grupperast på vanleg måte.
2. Kapittel, post og stikkord skal ha nemning på bokmål.
3. Alle beløp skal førast opp fullt ut (i heile kroner).
4. Beløpa skal førast opp i tre talkolonnar, med summering for programkategori og programområde. På inntektssida vert departementa sine inntekter summert.
5. Postar/kapittel utan forslag om løyving for 2021 vert ikkje ført opp.

Stikkorda "overslagsløyving", "kan overførast" og "kan nyttast under" må takast med etter nemninga på posten, både i Gul bok og i forslag til vedtak i fagproposisjonen. Stikkord kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye postar.

Dersom datautskrifta kan brukast som manuskript utan endringar, ber vi om at den vert returnert med påteikning om dette. Eventuelle rettingar må førast på utskrifta saman med melding om nemning. Det må ikkje førast på endringar som ikkje er godkjende på førehand av Finansdepartementet.

Forslag til romartalsvedtak skal leverast etter dei same tekniske spesifikasjonane som for departementsomtalens i Gul bok.

## **7 FAGPROPOSISJONANE 2021**

### **7.1 Fristar for arbeidet med fagproposisjonane**

#### *Fyrsteutkast til fagproposisjon*

Vi ber om å få utkast til fagproposisjon innan 9. september. Departementa bør gjere Finansdepartementet merksam på ev. avsnitt som manglar. Viktige tillegg eller endringar i teksten kan sendast inn når dei er ferdige. Departementa skal levere utkastet både på papirutskrift og i elektronisk versjon.

#### *Trykking*

Budsjettproposisjonen skal ha namnet “Prop. 1 S (2019–2020) for budsjettåret 2021”.

Departementa må i god tid avtale eigen frist for å levere endelig manuskript til fagproposisjonane til Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon (DSS), Avdeling for Facility Management (FM), Teknisk redaksjon.

Spørsmål om innlevering av manuskript m.m. kan takast opp med

Espen Myhrvold tlf. 22 24 98 05

Grete Wiig tlf. 22 24 98 44

Anne-Borghild Mortensen tlf. 22 24 98 58

Det er også mogeleg å kontakte brukarsenteret på tlf. 22 24 00 00 eller sende spørsmål til [tekniske.redaksjon@dss.dep.no](mailto:tekniske.redaksjon@dss.dep.no).

#### *Framlegg i statsråd*

Fagproposisjonane skal leggjast fram i statsråd 18. september.

### **7.2 Utforming av teksten i fagproposisjonane**

#### **7.2.1 Hovudstruktur for fagproposisjonane**

Framstillinga i fagproposisjonane skal som hovedregel ha tre delar:

Del I skal gi ei samla oversikt over budsjettforslaget. Denne delen bør utformast slik at den kan tene som grunnlag for den generelle delen av innstillinga fra vedkomande stortings-komite. Hovedoppgåvene til departementet, tilstandsvurdering, resultatrapportar, hoved-utfordringar, hovudsatsingar og hovedmål må kort omtalast. I tillegg skal del I gi ei oversikt over oppmodingsvedtak som vert omtalte i proposisjonen.

Del II skal innehalde ei samla oversikt over budsjettforslaget medrekna kategoriomtale og kapittelomtale.

Kategoriomtalen skal vere ein felles omtale av budsjettkapitla som høyrer til under same programkategori. Oppgåver, tilstandsvurdering, resultatrapportar, utfordringar, satsingar og mål skal omtalast her også, men omtalen skal vere mindre overordna enn i innleiinga, jf. løyvingsreglementet. Måla skal omhandle verknadene, eventuelt andre resultat som ein ønskjer å nå eller endre ved hjelp av løyvinga og andre tilgjengelege verkemiddel. Resultat-mål skal angi ambisjonsnivå.

I kategoriomtalen kan det også vere naturleg å skrive om dei verksemdele eller ordningane som

kategorien omfattar. Under kapittelomtalen skal ein særleg forklare innhaldet i dei ulike løyvingane.

Det er viktig at departementa vurderer nøye korleis, og kvar, dei presenterer mål, satsingar og resultat, og såleis unngår gjentaking. Dersom departementet presenterer mål og resultatkrav både på kategori- og kapittelnivå, skal omtalen vere meir konkret på kapittelnivå enn på kategorinivå. Oppnådde resultat bør omtalast på same kategori- eller kapittelnivå som målet dei er knytte til.

I del III omtalast andre tema som departementet finn det relevant og formålstenleg å informere Stortinget om, jf. pkt. 7.2.3 nedanfor.

For at dokumenta skal ha eit einsarta preg ber vi om at denne inndelinga av fagproposisjonane vert nytta.

### **7.2.2 Generelle retningslinjer for utforminga av teksten**

#### *Proposisjonane skal berre innehalde godkjende planar*

Ved utforminga av fagproposisjonane må det takast omsyn til at det er regjeringa som legg fram budsjettforslaget. Kommentarane i fagproposisjonane skal derfor berre grunngi dei forslaga som vert tekne med i det endelige budsjettforslaget. Det skal ikkje omtalast planar som kan ha budsjettkonsekvensar eller andre økonomiske og administrative konsekvensar, utan at planen heilt ut er godkjend av regjeringa. Dersom eit departement er i tvil om eit forslag går ut over tidlegare godkjenning, må dette takast opp med Finansdepartementet som eiga sak.

#### *Mål og resultatrapportering*

I fagproposisjonane må departementa under kvar programkategori/kvart kapittel gje ein mest mogeleg presis omtale av kva for problem ein vil løyse. Med utgangspunkt i problemet kan ein sette målet ein ynskjer å nå. Målet med tiltaket må vere så klart som råd er. Målet må òg svare tydeleg på det identifiserte problemet, og kan til dømes vise ynskja verknader for samfunnet eller brukargrupper. Mål kan vere på ulike nivå, jf. pkt. 7.2.1.

Løyvingsreglementet § 9 krev at ein skal omtale dei resultata som ein tar sikte på å oppnå med løyvingsforsлага. Krava til omtale av mål og resultatrapportering gjeld både satsingar og mål på tvers av sektorar og verksemdområde, og satsingar og mål for dei enkelte verksemndene og tilskotsordningane i staten. Når det gjeld omtale av tilskotsordningar viser vi særleg til kapittel 6 i "Bestemmelser om økonomistyring i staten".

Når fleire verksemder og verkemiddel har innverknad på dei same måla, bør departementet òg omtale kva som er dei underliggende verksemndene sitt bidrag til verknadene, til dømes i form av tenester som verksemndene skal leve.

I proposisjonen skal departementa rapportere om oppnådde resultat i 2019 på overordna nivå. Resultatrapporteringa skal først og fremst vise til og henge saman med måla for 2019 slik dei allereie er presenterte for Stortinget. Departementet må legge vekt på at rapporteringa skal vere strukturert og poengert, og unngå lange aktivitetsskildringar. Sjølv om måla for 2019 er detaljerte og aktivitetsorienterte, bør resultatinformasjonen om oppnådde verknader vere overordna. Omtalen kan gjerne supplerast med ein tabell som viser samanhengen mellom mål og oppnådde resultat. Dersom det er store avvik, må departementa gjere greie for årsakene til dette.

Detaljert omtale som i sin karakter høyrer heime i det enkelte fagdepartement si styring av underliggjande verksemder, bør ikkje takast med i fagproposisjonen.

#### *Orientering om heilårsverknad*

For nye tiltak som ikkje vert sett i gong frå 1. januar 2021, er det viktig at Stortinget får informasjon om kva heilårsverknaden på statsbudsjettet vil vere frå 2022 eller seinare. Dette gjeld både nye tiltak som krev høgare løyving og innstrammingstiltak.

### **7.2.3 Omtale av særlege tema**

#### *Omtale av tverrgåande satsingar*

Regjeringa gjennomfører tverrgåande satsingar av ulik storleik og viktigkeit. Departement med ansvar for vesentlege og relevante tiltak i viktige tverrgåande satsingar skal vurdere å omtale mål for tiltaka og oppnådde resultat i budsjettproposisjonen. Departement med koordineringsansvar i tverrgående satsingar skal vurdere behovet for å omtale mål og resultat av slike satsingar samla i budsjettproposisjonen. For viktige politisk satsingar kan det være aktuelt at det koordinerande departementet hentar inn rapportering om gjennomføring og status frå dei andre involverte departementa, og omtaler mål og status samla for tverrgåande satsingar som Stortinget har sluttat seg til.

#### *Sektorovergripende klima- og miljøpolitikk*

Klima- og miljøprofilen i budsjettforslaget skal vise regjeringas løyvingsforslag som er viktige for å redusere klimagassutsleppa, få til klimatilpassing og/eller vil ha ein merkbar positiv effekt på miljøet.

Klima- og miljøomsyn er eit sektoransvar, og skal difor omtala last i kvart departements fagproposisjon der det er relevant og føremålstenleg. Klima- og miljødepartementet vil be om eigne slike innspel i samband med rammefordelingsforslaget, og omtala i fagproposisjonane skal bygge på disse innspela. Klima- og miljødepartementet vil konkretisere denne bestillinga i eit eige brev. Innspela dannar grunnlag for den samla klima- og miljøprofilen i regjeringas forslag til statsbudsjett for 2021, på tvers av sektorar, som vil verte framstilt i Klima- og miljødepartementets proposisjon.

#### *Fornye, forenkle og forbetre.*

Regjeringa vil byggje politikken sin på målet om mest mogeleg effektiv bruk av fellesskapet sine ressursar. Alle departement skal derfor omtale forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft innanfor eige ansvarsområde.

Departementet skal i fagproposisjonen gi ei samla oversikt over dette arbeidet innanfor departementet sitt område. Overskrifta for ein slik omtale skal vere *Fornye, forenkle og forbetra*. Omtalen bør ikkje vere på meir enn to sider.

Omtalen bør konkret skildre:

- kva prioriteringar og konkrete tiltak departementet planlegg å gjennomføre
- kort om motivasjonen/bakgrunnen for å gjennomføre tiltak, illustrert gjennom statistikk eller anna underlagsmateriale
- kort om forventa resultat av tiltaka og korleis dei vil følgjast opp frå departementet si side

Departementa bør også gi ein kort omtale av tiltak som allereie er gjennomført i 2020, og kva resultat desse har gitt.

Omtalen kan plasserast der det er naturleg i proposisjonen, for eksempel i den innleiande delen (del I), i kategoriomtalen eller kapittelomtalen (del II), eller i omtalen av særlege tema (del III).

*Oppfølging av likestillings- og diskrimineringslovas krav om å gjere greie for likestilling*  
Likestillings- og diskrimineringsloven § 26 a gjev pålegg til offentlege myndigheter, som arbeidsgjevarar, om å gjere greie for kjønnslikestilling i verksemda. Arbeidsgjevarar i offentlege verksemder skal òg gjere greie for tiltak som er sette i verk eller planlagde for å fremje lova sitt føremål om likestilling uavhengig av etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Utgreiinga skal innarbeidast i del III av budsjettproposisjonen.

*Forretningsdrifta til staten – opplysningar om kapitalbalanse og renter i byggjetida*  
Budsjettproposisjonane skal innehalde opplysningar om kapitalbalanse for alle forvaltningsbedriftene, jf. St.prp. nr. 65 (1990–1991), pkt. 2.1, og Innst. S. nr. 176 (1990–1991). Oppstillinga i budsjettproposisjonane bør om mogeleg vise balansen ved utgangen av dei to føregåande åra. Vidare ber vi om at balanseoppstillingane i budsjettproposisjonen vert supplerte med økonomiske nøkkeltal og ein finansieringsanalyse. Aktuelle nøkkeltal kan for eksempel vere overskotsgrad, totalrentabilitet, eigenkapitalrentabilitet og totalkapitalen sin omløpsfart.

I omtalen av statlege bygg og anlegg skal det takast med renter i byggjetida, sjølv om slike renter ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av løyvingane, jf. St.prp. nr. 65 (1990–1991), pkt. 2.2, og Innst. S. nr. 176 (1990–1991). Renta skal settast lik renta for statens kapital i forretningsdrifta, jf. pkt. 5.4 ovanfor.

#### *Oppmodingsvedtak*

Oppmodingsvedtak frå Stortinget til regjeringa skal omtalast i fagproposisjonane. Eit av dei innleiande kapitla i fagproposisjonen skal omtale oppfølging av oppmodingsvedtaka etter ein standard mal. Er det behov for meir utdstrupande informasjon om oppfølginga av vedtaket, skal slik omtale plasserast under relevant programområde i proposisjonen. Slike utdstrupande omtaler kan òg skrivast saman med og tilpassast annan omtale i proposisjonen, utan å følgje ein fast mal. Det må då gå klart fram kva som er ei oppfølging av oppmodingsvedtak.

Følgjande vedtak skal være med i omtalen:

- alle oppmodings- og utgreiingsvedtak under departementet i føregåande stortingssesjon (2019–2020).
- alle oppmodings- og utgreiingsvedtak frå tidlegare stortingssesjonar der departementet i oversiktstabellen i Prop. 1 S (2019–2020) la til grunn at rapporteringa ikkje var avslutta. Dette gjeld om vedtaket seinare er følgt opp eller ikkje. Det gjeld òg om Stortinget i si handsaming seinare har meint at vedtaket er kvittert ut.
- alle oppmodings- og utgreiingsvedtak som kontroll- og konstitusjonskomiteen ved handsaming av Meld. St. 12 (2019–2020) har lagt til grunn at ikkje er kvitterte ut.

Når oppfølginga av eit vedtak omhandlar fleire departement, må det ansvarlege departementet sørge for nødvendig koordinering med dei departementa det gjeld. Vedtaket skal berre omtalast under det ansvarlege departementet. Dersom det er uklart kva departement som har koordineringsansvaret, må dette straks takast opp med Statsministerens kontor.

Det innleiande kapitlet skal bestå av tre element:

- (i) ein innleiande tekst
- (ii) ein oversiktstabell over alle oppmodings- og utgreiingsvedtaka
- (iii) ein omtale av korleis oppmodings- og utgreiingsvedtaka vert følgde opp

#### (i) Om innleiande tekst

Kapitlet skal innleiast med ein standardtekst som forklarer oppsettet og tabellen. Standardteksten vert send departementa i eit brev frå Statsministerens kontor i juni.

#### (ii) Om oversiktstabell

Oversiktstabellen følgjer same mal som i fjar. I ein kolonne skal det gå fram om rapporteringa på oppmodingsvedtaket no vert avslutta eller om departementet òg planlegg å rapportere på vedtaket i neste års budsjettproposisjon. For kvart vedtak skal det difor stå «Ja» i kolonnen dersom rapporteringa no vert avslutta, og «Nei» i kolonnen dersom rapporteringa skal fortsetje.

Rapporteringa på oppmodingsvedtaket kan avsluttast i følgjande tilfelle (Ja):

- Vedtaket er ferdig følgt opp ved f.eks. at ein proposisjon, melding eller utgreiing er lagd fram for Stortinget.
- Vedtaket gjev føringar for politikkutforminga på eit område, men føresett ikkje at regjeringa kjem tilbake og fremjar konkrete forslag til Stortinget. Departementet har forklart korleis dette vil verte følgt opp i politikken framover. Eksemplar på slike vedtak kan vere at eit område skal styrkast eller at særlege høve skal ivaretakast i politikkutforminga, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Det er her naturleg at den vidare orienteringa til Stortinget skjer i den ordinære omtalen av politikkområdet i dei årlege budsjetta og andre dokument.
- Vedtaket er oppheva eller omgjort ved eit nytt vedtak i Stortinget. Dette gjeld òg tilfelle der Stortinget har fatta lovvedtak eller budsjettvedtak som må forståast slik at stortingsfleirtalet ikkje lenger meiner at det aktuelle oppmodingsvedtaket skal følgjast opp vidare. Dersom regjeringa foreslår slikt vedtak, må det gå klart fram i proposisjonen at det skal sjåast i samanheng med oppmodingsvedtaket.
- Vedtaket vert foreslått oppheva ved vedtak i Prop. 1 S (2020–2021).

Rapporteringa på vedtaket skal fortsette i følgjande tilfelle (Nei):

- Departementet har ennå ikkje bestemt korleis vedtaket skal følgjast opp og vil kome tilbake til Stortinget om dette seinare.
- Vedtaket angir at regjeringa skal levere ein proposisjon, stortingsmelding, sak, utgreiing el. til Stortinget som ikkje enno er levert.
- Departementet vil kome tilbake til oppfølginga av vedtaket i ein melding eller proposisjon el. som vert lagt fram seinare.

#### (iii) Om omtale av oppfølging av vedtaka

Under tabellen skal det følgje ein kort omtale av alle oppmodings- og utgreiingsvedtak og departementets oppfølging av desse. Vedtaka skal settast opp i stigande nummerrekkefølgje, inndelt etter ulike stortingssesjonar. Omtalen av det einskilde vedtaket skal være kort, men innehalde de nødvendige opplysningane til at Stortinget vert informert om hovudtrekka i departementets oppfølging.

Omtalen av vedtaket skal innehalde følgjande informasjon:

- Overskrift (i tråd med stikkord brukt i oversiktstabellen).
- Vedtaksnummer og vedtaksdato.

- Tekst i oppmodingsvedtaket.
- Kva samanheng oppmodingsvedtaket er foreslått og stortingsdokument som ligg til grunn for vedtaket.
- Ei forklaring på korleis oppfølginga er eller vil verte gjort. Det må gå klart fram om vedtaket etter departementets mening er følgt opp, eller om det er behov for ytterlegare oppfølging, som f.eks. «Anmodningsvedtaket er ivaretatt gjennom Stortingets vedtak ved behandlingen av Prop. 46 L (2014–2015), jf. Innst. 331 L (2014–2015)» eller «Anmodningsvedtaket anses fulgt opp gjennom vurderingen under kap. xx.». Dersom vedtaket ikkje er følgt opp enno, skal det gå fram korleis dette vil skje. Omtalen av oppfølginga bør då som utgangspunktet avgrensast til maksimalt 4–5 setningar.
- Dersom det tidlegare er gjeve ein omtale av oppfølginga av vedtaket til Stortinget, skal ev. relevante kommentarar frå stortingsfleirtalet ved siste handsaming kort omtalast, og korleis desse vil verte følgde opp. Som hovudregel er det synet til den aktuelle stortingskomiteen i komitéinnstillinga som skal referererast, så framt fleirtalet i komitéen representerer eit fleirtal på Stortinget.
- I nokre tilfelle er vedtaka delte opp i fleire vedtakspunkt. I så tilfelle skal kvart vedtakspunkt ha sin eigen omtale. Omtalen kan i kvart tilfelle vere heilt kort og vise til andre vedtak. Kravet til overskrift, referansar mv. gjeld likevel for kvart punkt.

Sjølv om det normalt ligg eit betydeleg handlingsrom for korleis følgje opp Stortingets intensjonar med eit oppmodingsvedtak, kan det vere tilfelle der regjeringa likevel av ulike årsaker meiner at vedtaket bør gjørast om. Det kan i så fall vere naudsynt med eit opphevingsvedtak. Dette kan formulerast som følgjer: «Vedtak nr. 52, 14. juni 2017 oppheves.» Dersom det er fleire vedtak under same departement, kan ein foreslå desse oppheva med eit slikt vedtak: «Vedtakene nr. 52, 14. juni 2017, nr. 46, 14. juni 2017 og nr. 386, 15. juni 2017 oppheves.» Dersom det vert foreslått eit samlevedtak, må likevel vedtaket grunngis særskild for kvart oppmodingsvedtak under omtalen av oppfølginga av dei einskilde vedtaka. Opphevingsvedtak bør i utgangspunktet berre nyttast i dei tilfella der andre handlingsalternativ er uttømte og Stortinget peiker på behovet for slikt vedtak. Vedtaket må takast inn i forslag til vedtak avslutningsvis i proposisjonen.

Statsministerens kontor vil som normalt i juni sende ut ein oversikt over alle vedtak fatta i inneverande stortingssesjon.

#### *Omtale av lønsvilkåra o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemder*

I del III av fagproplosjonane skal det takast med følgjande opplysningar om lønsvilkåra til leiarane i dei heileigde statlege verksemndene:

- samla utgifter til løn, pensjonsforpliktingar og anna godtgjersle til dagleg leiar
- arten og omfanget av forpliktingar til dagleg leiar ved oppseiling eller endring av tilsetjingsvilkår
- avtalar om bonus, utdeling av overskot og liknande til fordel for dagleg leiar

### **7.3 Fagproplosjonane – teknisk direktiv**

#### **7.3.1 Forslag til vedtak**

Forslag til vedtak om løyvingar i fagproplosjonane må vere i samsvar med det manuskriptet som er godkjent til forslag til vedtak i Gul bok, med den same fordelinga på kapittel og post. Departementa må kontrollere både kronetal, stikkord og nemning på kapittel og post. I ein fagproplosjon som er skrive på nynorsk, må nemning og stikkord vere på nynorsk.

Forslag til vedtak skal innleiaast med "I" (romartal). Departementa skal fordele løyvingar på

utgifter og inntekter gruppert kvar for seg. Sjå retningslinjene i rettleiinga Om statsråd frå Statsministerens kontor.

Romartal II og seinare nummer gjeld forslag om fullmakt til å bestille utstyr, til å gi tilsegn om statstilskot, om statsgaranti og eventuelle andre romartalsvedtak. Ein må formulere desse forslaga i samsvar med det som vert ført opp i Gul bok. I vedlegg til fagproposisjonane skal departementa også ta inn ei oppstilling over romartalsvedtak som er gjevne utan tidsavgrensing, jf. omtale under pkt. 4.4.

### **7.3.2 Tabellar i innleiinga**

I innleiinga skal det vere minst to standardtabellar:

1. utgifter spesifiserte på programkategori og utgiftskapittel, med tal for 2019, 2020 og 2021, og utrekning av prosentvis endring frå 2020 til 2021.
2. tilsvarende tabell for inntekter.

### **7.3.3 Kapittelrekjkjefølgje**

I teksten skal ein omtale kapittel i nummerrekjkjefølgje på utgiftskapittel innanfor kvar programkategori. Staten si forretningsdrift og statsbankane skal omtala under den programkategorien der dei hører heime. Inntektskapittel som heng saman med eit utgiftskapittel, skal omtala rett etter dette utgiftskapittlet.

### **7.3.4 Rekneskapstal for 2019 og løyving for 2020**

I postoppstillinga under kvart kapittel skal det vere tre kolonner: rekneskapstal for 2019, løyving for 2020 og forslaget for 2021. Som løyving for 2020 skal ein nytte saldert budsjett. Dersom det er vedteke store endringar i forhold til saldert budsjett, må ein kommentere dette.

Ein set opp tal for inntektskapitla på den same måten som for rekneskapen for 2019 og løyvinga for 2020. Sjølv om ein budsjetterer med null i inntekt for 2020 (kombinert med meirinntektsfullmakt) er det viktig å ta med alle inntektspostar i posttabellen, slik at ein får fram rekneskapstala. Dersom det er oppretta inntektskapittel først i løpet av 2020, slik at det verken ligg tidlegare rekneskapstal eller løyving for 2020 i saldert budsjett, bør ein likevel nemne inntektskapitlet kort i kommentarane.

### **7.3.5 Tabellar for underspesifikasjon**

Det er ikkje krav til nærmare underspesifikasjon av driftspostane. For driftspostane og andre postar må departementet i kvart tilfelle vurdere om ein skal nytte underspesifikasjon for å få fram dei prioriteringane som Stortinget har gjort.

Til løyvingsrekneskapen skal departementa i tillegg til kapittel/post rapportere artskonto etter standard kontoplan, jf. rundskriv R-102 som Finansdepartementet har fastsett. Når det vert sett opp tabellar med underspesifikasjon, skal ein òg spesifisere rekneskapstal for 2019 etter same underspesifikasjon.

## **8 BUDSJETTFORSLAG SOM HAR VERKNAD FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR**

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar får nok tid til å gjennomføre tiltak som følgjer av forslag i budsjettproposisjonen. Vi ber kvart departement om å melde slike budsjettforslag til kommunar/fylkeskommunar så snart budsjettproposisjonen er lagt fram for Stortinget.

Departementet kan om naudsynt gi opplysningar til fylkesmenn før Prop. 1 S er levert til Stortinget. I slike tilfelle må det gjerast merksam på at opplysningane er fortrulege.

## **9    OVERSLAG OVER BEHOV FOR Å ENDRE LØYVINGANE I ANDRE HALVÅR FOR 2020-BUDSJETTET**

For å få ei best mogeleg oversikt over budsjettituasjonen for andre halvår 2020 i samanheng med at statsbudsjettet for 2021 vert lagt fram, skal det vere ei ekstra innrapportering til Finansdepartementet om strengt naudsynte løyvingsendringar i andre halvår 2020. Vi ber derfor kvart departement om å utarbeide overslag for områda sine.

Fyrst seinare i terminen kan ein ta endeleg stilling til kva forslag som skal leggjast fram for Stortinget. Innrapporteringa vert ferdigstilt i midten av oktober med sikte på felles regjeringshandsaming i midten av november. Vi er derfor klar over at overslaga må vere nokså grove, og at dei seinare kan verte korrigerte.

Overslaga må sendast til Finansdepartementet innan 27. juli 2020.

## **10   RETNINGSLINJER FOR OFFENTLEG INFORMASJON OM BUDSJETTSAKER**

Den nye offentleglova trådde i kraft frå 1. januar 2009, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova).

Offentleglova § 22 fyrste punktum gir som tidlegare høve til å gjera unntak for innsyn i dokument som er utarbeidd av eit departement, og som gjeld statlege budsjettsaker. Eksempel på slike dokument er

- forslag til løyvingar og anna budsjettmateriale som vert sendt frå departementa og Statsministerens kontor til Finansdepartementet
- utgreiingar, notat, brev med vidare som er utarbeidd av eit departement eller Statsministerens kontor og som gjeld statlege budsjettsaker
- departementa og Statsministerens kontor sine forslag om overskridingar og løyvingsendringar innanfor gjeldande budsjettår og Finansdepartementet sine avgjersler i slike saker

Det kan ikkje gjerast unntak frå innsyn etter offentleglova § 22 fyrste punktum for budsjettforslag som eit departement har motteke frå underliggende verksemder eller frå kommunar eller private. Dette følgjer av at desse budsjettdokumenta ikkje er utarbeidd av eit departement. Etter offentleglova § 22 andre punktum er det høve til å gjere unntak frå innsyn for opplysningar om førebels budsjetttrammrar, fastsett av regjering eller departement, i dokument frå underliggende organ eller etat, frå Det kongelege hoff, Domstolsadministrasjonen og Sametinget. Her er det berre sjølve opplysningane om dei førebelse budsjetttrammene som det kan gjerast unntak for, ikkje resten av dokumentet.

Ei rekje av dei statlege budsjettdokumenta som det kan gjerast unntak frå innsyn for etter offentleglova § 22, kan det òg gjerast unntak for etter andre føresegner i lova. Dette gjeld til dømes § 14 fyrste ledd om unntak for organinterne dokument eller § 15 fyrste ledd om unntak

for dokument som eit departement har innhenta frå eit anna departement eller eit underordna organ. Desse unntaka vert ikkje nærmere omtalte her.

Etter offentleglova § 29 fyrste ledd skal det organet som mottekk eit krav om innsyn, gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kravet. Dette gjeld uansett om dokumentet er utarbeidd av organet sjølv eller av eit anna organ. Organet må vurdere både om det finns heimel for å nekte innsyn i eit dokument eller opplysningar i dokumentet, og om det i slike høve likevel bør gjevast heilt eller delvis innsyn etter regelen om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

Det er viktig at departementa tek omsyn til regjeringa sitt behov for å kunne halde fortruleg kva for vurderingar som vert gjort i løpet av ein budsjettprosess når dei vurderer om dei skal gi meirinnsyn i dokument eller opplysningar. Dette er bakgrunnen for at det i Ot.prp. nr. 102 (2004–2005) Om lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemد (offentleglova) vart lagt til grunn at behovet for å gjere unntak for dokument og opplysningar som er omfatta av offentleglova § 22, som regel vil gjera seg gjeldande, jf. s. 95 fyrste spalte.

Med helsing

Colin Forthun e.f.  
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen  
fagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar*